



Ulstein kommune

Teknisk etat

Vikebladet Vestposten

Sjøgata 29
6067 ULSTEINVIK

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2007/721	6800/2010	AOF	07.07.2010

**KOMMUNEVEGEN - EIKA -
LÅSING AV VEGBOM PÅ GANGVEGEN MELLOM EIKSUNDSAMBANDET OG
BYGDAVEGEN (KOMMUNEVEGEN)
ANNONSE**

Vi bed om å få følgjande annonse i Vikebladet for torsdag 15. juli i år.

**LÅSING AV VEGBOM PÅ GANGVEGEN MELLOM EIKSUNDSAMBANDET OG
BYGDAVEGEN (KOMMUNEVEGEN) PÅ EIKA.**

Sambandet mellom Eiksundsambandet og kommunevegen på Eika er formelt gangveg som ikkje fritt kan nyttast for køyretøy, fastsett i gjeldande reguleringsplan m/ føresegner, godkjend 02.07.1998. Kommunestyrevedtak 31.01.2008, sak 08/006 legg til grunn at gangvegen skal vere stengd mot køyretøy av bom med lås. Grunneigarar og rettshavarar på Eika kan få løyve til nyttekøyring etter fastsette reglar og vil kunne få utlevert nøklar til vegbommen. Eika grendalag har inngått avtale med Ulstein kommune om å forvalte utdeling av nøklar.

Ulstein kommune gjer med dette kjent over for grunneigarar, rettshavarar og andre brukarar av Eika at vegbommen mellom gangvegen og parkeringsplassen ved Eiksundsambandet og som gjev tilkomst til bygdavegen på Eika, vil bli låst mot køyretøy frå og med 20. juli 2010. Kommunen bed derfor om at grunneigarar og rettshavarar som har behov for/ynskjer å nytte seg av tilgangen til nyttekøyring på dei vilkår som gjeld, kontaktar Eika grendalag for registrering og utlevering av nøklar. Nærare opplysningar er tilgjengeleg på kommunen si nettside og i sentralbordet i kommunen

Faktureref.: 81116

Med helsing

Alv Ottar Folkestad
miljøvernkonsulent